



**SJUR HAGA BRINGELAND**  
sjurhb@aol.com

# KLASSISK MUSIKK



Kristi krossfesting, her framstilt på ei altartavle av nederlendaren Rogier van der Weyden (1400–1464). Foto: Kunsthistorisches Museum Wien

## Ukjent meistersverk

Pergolesi i ei framifrå fyrsteinnspeling.

GIOVANNI BATTISTA PERGOLESÌ:



**Septem verba a Christo**

AKADEMIE FÜR

ALTE MUSIK BERLIN, DIR.: RENÉ JACOBS. HARMONIA MUNDI 2013

Påska er over. Men sjølv om me plar fylgja kyrkjeåret på denne klassisksida, kan me ikkje oversjå ei slik hending: Eit nyfunne langfredagsoratorium av napolitanaren Giovanni Battista Pergolesi (1710–1736), komponisten som blei legende alt få år etter at han døydd av tuberkulose seksogtjue år gamal. Kanoniseringa etter ordlyden «ungt geni som døydd altfor tidleg, men rakk å fullføra sitt store meistersverk», lever i beste velgåande, og i dag er han nok mest kjend for *Stabat mater*-et sitt.

Det nyfunne oratoriet med den fullstendige tittelen *Septem verba a Christo in cruce moriente prolata* – «Den døyande Kristi siste sju ord på krossen» – er ein syklus av sju korte kantatar som passar inn på ein CD. Kvar av kantatane opnar med eitt av orda, etterfylgt av to utlegningar i arieform. Den dramatiske bogen over satsane synest gjennomtenkt, og denne velfungerande forma er kledd i ein overraskande moderne tonebunad – vågsame harmoniar lét oss ana både Haydn og Mozart i den musikkhistoriske horisonten.

### SISTE SJU ORD

Tolkinga til den belgiske dirigenten René Jacobs og berlinarakademiet hans gjer dette albumet til det mest inntakande eg har høyr på lenge. Komposisjonen er vedunderleg avvekslingsrik, og musikarane

veit å variera timbren i tolkinga si. Her finn me kontemplative ariar som «Ah! peccatoris supplicis», med arbeidsame akkordbrytingar i solocelloen, og tunge sukk og akk frå sopranen Sophie Karthäuser alias den allegoriske figuren Anima – «Sjela». Kontrasten til den triumferande arien «Quod iubes, magne Domine» er slående, den med røffe fiolintiradar og jakthorn som smell som øydelagde eksospotter. Karthäusers barokksong er sterk, men somtid gløymer ho seg og sjenerer oss med ein uturvande vibrato som helst ville vore romantikaren Verdi verdig.

Det er uvanleg at sigersariar blir instrumenterte med horn og ikkje trompetar. Men briljante trompetar høver seg vel ikkje på langfredagen. Det vil seie – trompeten er med, nemlig i Jesus-arien «Huc oculus». Men her er trompeten «sordinert», det er putta noko inni truten hans slik at han kling duld og metallisk og ikkje så glitrande som vanleg. Dette er det vakraste partiet av verket.

### SJUANDE OG SIST

Er så Kristi siste sju ord verkeleg av Pergolesi? Ja, seier omslaget (for plateselskapet er det vel best slik, for merkevara Pergolesi sel seg godt). Men røkjer me etter i den framifrå omslagsteksten av dirigenten Jacobs, som med omfanget og fotnotane innfrir alle krav til det vitskaplege, oppstår tvil.

Men til sjuande og sist: Kva har det å seie? Spørsmålet om opphavet til komposisjonen må skiljast frå spørsmålet om kvaliteten på komposisjonen. Og dette verket er fyrsteklasses, same kven som står bak det.

### SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er muskar og fast musikkmeldar for Dag og Tid.

Standardinnspelinga:

## Bach med bust

Barokkanernes nye CD syner frisk eigenvilje.



CARL PHILIPP EMANUEL BACH:  
**Empfindsamkeit!**

BAROKKANERNE; CHRISTIAN KJOS, CEMBALO; ALFREDO BERNARDINI, OBO OG LEIING. LAWO 2013.

Jamføring: Akademie für Alte Musik Berlin (Harmonia Mundi 2001)

Å setja merkelapp på symfoniane til Carl Philipp Emanuel Bach er vanskeleg. Er han «barokk»? Nei, han kastar vrak på dei stive formene til far sin, Johann Sebastian. Er han «rokokk»? Nei, dekadent prydd i ljose fargar er berre éi side av han og langt frå den viktigaste. Kan me kalla han «førklassisk»? Nei, det vil vera å redusera han til eit stilistisk embryo, ein for tidleg fødd komponist som ikkje får bera laurbærkransen av di den ikkje er mogen enno.

Det er nettopp dette uvisse som er så opplivande med Carl Philipp Emanuel Bach og som



Det er meir eldhug i Carl Philipp Emanuel Bach (1714–1788) enn det denne bysta i Schauspielhaus zu Berlin skulle tilseie. Foto: Wikimedia

gjer han så aktuell for vår form-lause tid: Han sprengjer alle grenser, både i form og i uttrykk. På det nye albumet *Empfindsamkeit!* freistar det norske originalinstrumentensemblet Barokkanerne, som spelar på kopiar av 1700-talsinstrument, å formidla overgangsfiguren Bach. Under leiing av den røynde romerske barokkoboisten Alfredo Bernardini gjev dei oss ein Bach med bust.

Klangen i allegro assai-satsen frå *Symfoni i e-moll*, Wq178, er typisk: Han er ikkje så homogen som i mange av referanseinnspelingane på marknaden, blåseinstrumenta stikk meir ut, og fokuset er heller på einskild-episodane i satsforlaupet enn på dei lange linene. Slik syner Barokkanerne med dette albumet ein frisk eigenvilje som mange andre orkester vantar.

## Usamanhangande om samanhengar

SULTAN ABDÜLAZIZ M.FL.:



**Mediterraneo**

L'ARPEGGIATA; LEIING: CHRISTINA PLUHAR. VIRGIN 2013

Kva er det den austerriske harpisten Christina Pluhar vil med denne innspelinga? Albumet *Mediterraneo* er crossover i hytt og vær. Det freistar å fanga tusen års musikkhistorie i alle dei store landa kring midelhavet, men spelar musikken på instrument frå 1600-talet, slik at det blir gale i begge endar. Dei har med seg folkemusikarar frå Portugal, Spania, Hellas og Tyrkia som er interessante nok i seg sjølve, men dei passar ikkje inn. For Pluhar heng alt saman med alt, noko ho òg kunnigjer i omslagsteksten: «Musikken kjenner ingen grenser. Sjølv tidsgrensene synest å løysa seg opp.» Jo, musikken kjenner sine grenser, og han lid om han blir «crossovered» i hel som dette.



Oslo Strykekvartett gjer Franz Schuberts (1797–1828) «Døden og jenta»-kvartett med fengslende brutalitet. Foto: Bo Mathisen

## Kalde gufs



FRANZ SCHUBERT, EDVARD GRIEG:

**The Schubert Connection**

OSLO STRING QUARTET. 2L 2012.

Jamføring: Belcea Quartet (EMI 2009)

Opningsakkordane er kalde og klåre som klake. Oslo Strykekvartett spelar ikkje desse akkordane, dei slår dei, og det med ein heilt ny brutalitet i

Schuberts *Strykekvartett nr. 14 i d-moll* med tilnamnet «Døden og jenta». Denne brutaliteten fungerer, for han trekkjer seg i ulike former fram og attende gjennom heile satsen, utan at det kling emosjonelt overdrive eller intonasjonsmessig skipla. Jamvel dei lyriske partia kjem med ein kald gufs. Dei er ikkje med det same vakre, meir som eit gamalt svart-kvitt-fotografi av ei jente som har vore både levande og vakker ein gong.



Middelhavske rytmar: frå innspelinga av ensemblet L'Arpeggiatas nye album. Foto: L'Arpeggiata